

Innkalling til årsmøte i foreininga FAU Bryne skule

Tid: Måndag 28. september kl. 19:00

Stad: Bryne Skule, aula

Alle foreldre som har barn ved Bryne skule er medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU), som er foreldra si stemme overfor skulen. FAU skal bidra til eit godt samarbeid mellom heim og skule, sikre reell medverknad frå foreldra og ha medansvar for at elevane har eit trygt og godt læringsmiljø.

Alle foreldre blir oppmoda til å engasjere seg ved å møte på årsmøtet og dele aktuelle saker og problemstillingar med FAU. Slik kan me som foreldre bidra best mogleg til ei positiv utvikling for Bryne skule, både for elevar og tilsette.

For dei som ønskjer meir informasjon:

<https://www.minskole.no/bryne/Underside/21613>

Årsmøtet er ope for alle foreldre til elevar ved Bryne skule.

Dagsorden:

1. Opning av møtet v/leiar Marlen Erga-Frøyland
2. Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt val av representantar til å underskrive referatet
3. Kort informasjon frå skulen ved rektor Jone Siqveland
4. Årsmelding v/leiar Marlen Erga-Frøyland
5. Gjennomgang av rekneskap og balanse v/kasserar Thomas Rake
6. Val av nye representantar i FAU. Innstilling og oversikt over dei som ikkje er på val:

- 1.trinn – NY, 2 år (Ida Jaarvik Reiestad på val)
- 2.trinn – Lene Austli, 1 år igjen
- 3.trinn – NY, 2 år (Erlend Nygård på val)
- 4.trinn – Kristin Hole Soldal, 1 år igjen
- 5.trinn – NY (Berit Hetland Nersten er positiv til gjenval)
- 6.trinn – Magda Line, 1 år igjen
- 7.trinn – NY (Thomas Rake er positiv til gjenval)

Valet gjeld også som styremedlem til styret i foreininga FAU Bryne skule (org.nr. 920 484 387).

7. Nytt FAU konstituerer seg etter at årsmøtet er avslutta
8. Ordinært FAU-møte ca. kl. 20.00

Vel møtt,

Marlen Erga-Frøyland

Leiar FAU Bryne skule

Bryne, 9. september 2026